

A.12

**STØTT BRYGGEARBEIDARSTREIKEN!**

Opprop til fagforeiningestyre, klubbstyre,  
tillitsmenn o. a.

**Kameratar.**

Bryggearbeidarstreiken i Oslo har no vart i 2 veker. I denne tida har dei streika nde mottatt svært mykje støtte. Dette gjeld også vårt distrikt. Dei har fått samrøystes støtte frå Grenland Bygg, avd. 242 (medlemmetet), fleire tillitsmannsutval på Rafnes og Saga har gitt dei støtte og satt i gang innsamlingar på arbeidsplassen, det er delt ut mange løpeseddlar på arbeidsplassane og i byen og Streikestøttekomiteen har samla inn mykje pengar. Stuerforeininga ha r vedtatt å ikkje losse og laste omdirigerte skip.

Dette støttearbeidet må halde fram med full styrke! Vi veit at saka i den aller næraste framtid kjem opp på fleire medlemsmøte og det skulle såleis vere god sjangse for mykje større fagleg støtte..

Vi som ha r underskriva dette brevet meiner at det viktigaste tiltaket vi no kan gjere for å støtte streiken, er å arrangere eit ope solidaritetsmøte med dei rtreikande.

Vi ber dykk om å stø dette møtet enten som styre eller som enkeltpersonar.

Møtet blir tysdag I/2 i Folkets Hus ,Porsgrunn. Formannen i streikekomiteen kjem for å fortelle korleis streiken går.

Dagsorden på møtet blir 1) Innledning frå streikekomiteen

2) Pause med pengeinnsamling.

3) Diskusjon og spørsmål.

Initiativkomiteen må ha rett til å ta 5 kr. i inngangspengar dersom lokalet blir for dyrt.

Støtteoppropet (sjå vedlegg) blir delt ut som løpeseddel og det blir rykka inn anonse i avisene med dei underskriftene vi får.

Kåre Halvorsen, hovedtillitsmann Astrup/Veidekke, Saga  
Gyvind Storås, hovedtillitsmann, Saga.

H.G.O. Torre, formann lab. gr., NPATF.

Ragnar Moen, Styremedlem, ---"-----.

Atle Vik, formann PVC-gruppa, HAF.

Tarjei Haugen, sekretar, hovedtillitsmannsutvælet, Saga.

Tom Ege, tillitsmann Astrup/Veidekke, Saga.